

Organisert beitebruk

Organisert beitebruk (OBB) er ei stønadsordning som gjev tilskot til drift av beitelag. Det gjeld tilskot til tiltak som bidrar til å legge til rette for best muleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda. Ordninga gjeld for sau, geit og storfe som beitar i utmark i minst 8 veker. Ordninga blir forvalta av Landbruksdirektoratet.


Historie: Behov for å stimulere til aktive og organiserte tiltak innan husdyrhaldet førte i 1967 til oppretting av Tiltaksfondet for sau, seinare Tiltaksfondet for småfe og fjørfe. Det vart sett av middel gjennom jordbruksforhandlingane, og i 1970 vart det sett i gang ei ordning kalla Organisert beitebruk (OBB). Hovudmålsettinga for OBB var to-delt:

1. Legge til rette for meir rasjonell utnytting av utmarksbeita
2. Redusere tapet av dyr på beite til eit minimum.

Middelet for å nå dette målet var organisering av beitebrukarane i lag, der samarbeid om tilsyn og sanking var sentralt. Laga fekk tilskot per heimsanka dyr, og frå 1974 vart det òg gjeve tilskot til investeringar som samle- og skiljekvever, sankefeller, sperregjerde, ferister, bruer, gjetarhytter og andre målretta tiltak.

I 1972 var det alt i gang 377 sankelag, og OBB hadde fått så stort omfang at Landbruksdepartementet sette ned «Samordningsutvalet for organisert beitebruk». I 1982 vart det tilsett ein beitekonsulent i medlemslaget for saue- og geitehaldarar i Noreg, da Norsk Sau- og Geitalslag (NSG). Denne skulle vera sekretær for utvalet og dagleg leiar for den faglege verksemda innan OBB.

Medlemstal: Lagstalet voks raskt og passerte 800 i 1979. Høgaste tal vart nådd i 2002 med 955 sankelag. Krav om registrering i enhetsregisteret i Brønnøysund førte til ein nedgang i talet på godkjente lag frå 955 i 2002 til 816 i 2003. I 2013 kom nye krav om å omorganisere beitelag som var registrert som BA i Brønnøysundregistra. Dette førte til meir administrasjon, og gjorde at mange lag slo seg saman innafor ein kommune. I 2020 var det 753 sankelag med.



Sankelag og sauetalet i Organisert beitebruk frå 1970 til 2020

Dyretal: Sauetalet har vore nokså stabilt kring 1,5 - 1,6 mill. dyr sidan 1984. I 1993 vart også storfe og geit omfatta av ordninga. I 2020 var det med 1 419 000 sau, 88 000 storfe og 21 000 geit. Det utgjorde høvesvis 74 %, 35 % og 38 % av dyretalet som fekk produksjonstilskot for beite i utmark. Tilslutninga til OBB har store geografiske variasjonar, høgast i Oppland med 94 % av utmarkssauen, medan det i det største sauefylket, Rogaland, var berre 40 %.


Administrasjon: Administrativt har Organisert beitebruk gjennomgått store endringar. Frå starten vart alle søknader om tilskot og godkjenning av lag behandla sentralt. I 1997 vart ansvaret lagt til Statens landbruksforvaltning, og fordeling av tilskotsmiddel skulle avgjerast av Fylkesmannen si landbruksavdeling. Frå 2005 vart OBB innlemma i ordninga for Regionale miljøprogram (RMP) der middel kvart år blir forhandla i Jordbruksavtalen. Kvart fylke utforma eigne føresegner for miljøretta tiltak. Dette førte til ulike satsar og ordningar i fylka. Frå 2019 er ansvaret for OBB desentralisert til kommunane.

Beitestatistikk og beitelagskart: Sidan 1970 har beitelaga i OBB gjeve årlege rapportar om drifta. Det finst no derfor eit omfattande statistisk materiale som dokumenterer utviklinga. Det gjeld i første rekkje dyretal som er sleppt, sankt og tapt i utmark. Frå 1981 er materialet på digital form. I 2002 vart alle beitelag teikna inn på kart og finst tilgjengeleg i NIBIO si kartteneste, Kilden.

Nytteverdi: Landbruket er i stor endring, og det er også beitenæringa. Sauetalet har halde seg stabilt dei siste 30-åra, men brukstalet har gått ned i stor fart. I 1969 var det 69 000 bruk som hadde sau – i 2020 var 13 600 eller 20 % av brukstalet att. I mange beitelag er det no derfor få medlemmar, noko som fører til større byrder på kvar enkelt. Det er mykje arbeid å gjera med tilsyn og sanking, ikkje minst i rovdyrutsette område. Nødvendig infrastruktur, til dømes sperregjerde, er kostbart og arbeidskrevjande. I arealkonflikter som hyttebygging, er det tungt å stå åleine som beitebrukar. Alt dette tilseier at samarbeid må til ved bruk av utmarksbeite.

For landbruksforvaltninga er det òg avgjerande at beitedyra og eigarane er organiserte for kunne å forvalte stønadsordningar. Innsamling av årlege opplysningar som laga er pålagt, er svært viktig som historisk dokumentasjon og for å vurdere verknad av ulike tiltak. I arbeidet med redusering av tap og skader, dyrevelferd, rovdyrkonflikter og avbøtande tiltak i høve til dette, har beitelaga vore svært sentrale. Som beredskap er det òg viktig å veta kvar dyra beitar. Skrantesjuke, skrapesjuke og Tsjernobyl er stikkord her. Satsinga som no skjer med bruk av radiosendarar på beitedyr, vil vera naturleg å legge til beitelaga. Laga er dessutan verdfulle møteplassar, som også stimulerer til fagleg kompetanseheving i næringa.

Oppstart av stønadsordninga Organisert beitebruk i 1970, med oppretting og registrering av beitelag, var ei viktig hending for bruk av den store fôrressursen landet har i utmark. Beitelaga har sidan vore som ei grunnstamme i beitenæringa, og organisering av utmarksbeitebruk ser ut til å bli minst like sentralt i framtida.



Organiserte beitelag brukar 35 % av norsk landareal.